

ØRSKOG KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

20.08.2012

Kopi til: Ordfører  
Revisor  
Rådmann

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I ØRSKOG KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag, 27.08.2012 kl. 08.40  
på rådhuset**

**SAKLISTE:**

- Sak 09/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 10.05.2012
- « 10/12 - Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 03/2012 –  
Gjennomgang av sjukefråværet i Ørskog kommune
- « 11/12 - Oppfølging av varsling i Ørskog kommune
- « 12/12 - Budsjett 2013 – Ørskog kontrollutval

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Knut Helge Vestre  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
ØRSKOG KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 10. mai 2012 kl 08.40

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Åse Karin Gjære og Inga Helen Støversten

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Ørskog kommune møtte rådmann Anders Grotle og økonomisjef Anne Nygård.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste, men det vart bedt om betre informasjon til dei som ikkje har fått lesebrett av kommunen. Rutinar for utsending av rekneskap og årsmelding må forbeistrast.

**SAK 06/12**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 18. APRIL 2012**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 18. april 2012 blir godkjent.

**SAK 07/12**

**ÅRSMELDING 2011 – ØRSKOG KOMMUNE**

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.05.2012

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2011 for Ørskog kommune til orientering.

**SAK 08/12**

**KOMMUNEREKNESKAPEN 2011 – ØRSKOG KOMMUNE**

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.05.2012

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Ørskog kommune sin rekneskap for 2011 blir godkjent.
2. Innan enkelte ansvarsområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 1.

Knut Helge Vestre  
leiar  
(sign)

Åse Karin Gjære  
nestleiar  
(sign.)

Inga Helen Støversten  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: xx.08.2012

**SAK 10/12  
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT NR. 3/2012 – GJENNOMGANG AV  
SJUKEFRÅVÆRET I ØRSKOG KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 3/2012 – Gjennomgang av sjukefråværet i Ørskog kommune

Når det gjeld bakgrunnen for denne forvaltningsrevisjonen, blir det vist til innleiinga der det går fram at revisjonen er utført med bakgrunn i vedtak i kontrollutvalet og kommunestyret. Rådmannen har gitt høyringssvar på rapporten. Rådmannen har ikkje vesentlege merknader til rapporten, men det kjem til uttrykk ulikt syn på kor mykje målsettingsarbeidet er forankra i toppeiinga. Dette kjem mellom anna fram på side 22 og 26 i rapporten.

Problemstillingane som denne forvaltningsrevisjonen skulle gripe fatt i var:

1. Kva for definerte målsettingar har Ørskog kommune om reduksjon i kort- og langtidssjukefråveret?
2. Kva rutinar og metodar har Ørskog kommune sett i verk for å nå målsettingane?
3. I kva grad blir dei definerte rutineane og metodane praktisert i oppfølginga av tilsette, både når det gjeld førebygging og oppfølging av tilsette som er sjukmeldte?
4. Kva er dei tilsette si oppfatning og haldning til sjukefråvær og dei tiltaka som sett i verk for å redusere dette?

Vedkomande punkt 1. Ørskog kommune har slutta seg til samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv, IA-avtalen og kvar eining skal lage ein handlingsplan med utgangspunkt i IA-avtalen. Kommunen har definert klare målsettingar retta mot sjukefråværet og dei formulerte målsettingane er relevante. Målsettingar kjem derimot lite fram i budsjett dokumenta. Sjå forøvrig kapittel 2 i rapporten og målsettingane er ikkje særleg forankra i toppeiinga.

Vedkomande punkt 2. Ørskog kommune har ikkje utvikla eit eige sett med rutinar for oppfølging av den sjukmeldte. Dei rutineane som er nytta er ein foldar frå NAV som tydeleggjer ansvaret dei ulike aktørane har for dei ulike stopp-punkta. Det blir vist til side 17 og 18 i rapporten. Hovudkonklusjonen er likevel at rutineane i Ørskog kommune er i tråd med dei krava som lovverket stiller til oppfølging.

Vedkomande punkt 3. I saksbehandlingssystemet ACOS ligg det personalmappe for kvar tilsett og dokumentasjon for oppfølging ligg hovudsakleg der. Det går fram at det i nokre tilfelle er oppfølging av den sjuke noko sein og det er registrert purringar frå NAV. Det går vidare fram av rapporten at oppfølging av rutinane bør bli meir formalisert.

Vedkomande punkt 4. Det blir vist til side 20 og 21. Det blir under dette punktet ikkje vist til spesielle manglar.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**innstilling :**

1. Kommunestyret tek saka til orientering.
2. Kommunestyret ser for seg ei sterkare forankring av målsettingar om sjukefråvær på rådmannsnivået.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 20.08.2012

**SAK 11/12  
VARSLING**

Rutinar for varsling er lovpålagt etter ny arbeidsmiljølov av 2007. § 2-4 gjeld varsling om kritikkverdige forhold i verksemda og lova gir arbeidstakar rett til å varsle om kritikkverdige forhold. Lova krev at arbeidstakaraen sin framgangsmåte ved varsling er forsvarleg. Arbeidstakar har uansett rett til å varsle i samsvar med varslingsplikt eller bedrfta sine rutinar for varsling. Det same gjeld varsling til tilsynsmyndigheiter eller andre offentlege myndigheiter.

§ 2-5 gir arbeidstakar vern mot represalier frå leiinga ved varsling ved at det er forbud mot slike handlingar. Denne paragrafen lyder slik:

*Vern mot gjengjeldelse ved varsling*

*(1) Gjengjeldelse mot arbeidstaker som varsler i samsvar med § 2-4 er forbudt. Dersom arbeidstaker fremlegger opplysninger som gir grunn til å tro at det har funnet sted gjengjeldelse i strid med første punktum, skal det legges til grunn at slik gjengjeldelse har funnet sted hvis ikke arbeidsgiveren sannsynliggjør noe annet.*

*(2) Første ledd gjelder tilsvarende ved gjengjeldelse mot arbeidstaker som gir til kjenne at retten til å varsle etter § 2-4 vil bli brukt, for eksempel ved å fremskaffe opplysninger.*

*(3) Den som er blitt utsatt for gjengjeldelse i strid med første eller andre ledd, kan kreve oppreisning uten hensyn til arbeidsgivers skyld. Oppreisningen fastsettes til det beløp som retten finner rimelig under hensyn til partenes forhold og omstendighetene for øvrig. Erstatning for økonomisk tap kan kreves etter alminnelige regler.*

Det er liten tvil om at det er ei utfordring å få eit trygt og godt system for varsling gjennomført i ein organisasjon. Ordninga blir sett på som viktig og utgjør ein del av den interne kontrollen i ein organisasjon.

Ein overordna definisjon av intern kontroll er:

- Målretta og kostnadseffektiv drift
- Påliteleg ekstern rekneskapsrapportering
- Å halde seg til lover og reglar

I sak 04/09 var temaet oppe til behandling i kontrollutvalet. Det var lagt opp til ei orientering frå rådmannen om:

- Varsling
- Internkontroll
- Framdriftsplan for kommunen si daglege drift med delmål og dato for gjennomføring

I møtet ga rådmannen denne orienteringa:

**Varsling:**

*Kommunen har arbeidd med dette temaet, mellom anna med dagskonferanse for leiarar, tillitsvalde og verneombod. Planlagd utarbeiding av retningsliner er av kapasitetsgrunnar ikkje gjort pr. i dag. Eventuell varsling må skje gjennom det etablerte systemet med verneombod og tillitsvalde samt det administrative systemet.*

**Intern kontroll:**

*Kommunen arbeider med internkontroll på så godt som alle område. Innan HMS har kommunen kome langt og har etablert eit system basert på Risk-Manager. Ørskog kommune ligg ganske langt framme i arbeidet med arbeidsmiljøet, inklusiv IA-arbeidet. Kommunen arbeider med å vidareutvikle periodiseringa av rekneskap i si månads- og tertialrapportering. Det har blitt arbeidd med datasikkerheit, nytt økonomireglement, finansreglement og opplæring innan økonomistyring. Årsmeldinga vart endra i fjor. Kommunen innførte i 2008 eit nytt saksbehandlingssystem som inneheld fleire former for internkontroll. Tilsynsrapportar frå staten innan fleire område m.a. datasikkerheit har vore positive. Rådmannen er ikkje nøgd med kommunen sine rutinar på nokre område, mellom anna for registrering av e-postar og oppfølging av innkomne brev. Kommunen har no utarbeidd ein vedtakslogg for politiske vedtak som blir lagt fram to gongar pr. år slik at oppfølging av politiske vedtak blir betre og meir kontrollerbare. Kommunen har fokus på utvikling av kvalitetssikringssystem. Det er ikkje utarbeidd noko rapporteringssystem for generell mynde utover det som ligg i etablerte rapporteringssystem som månads-, tertial- og årsrekneskapar, diverse årsmeldingar, vedtaksloggar, brukar-/tenesteproduksjonsundersøkingar og rapportering knytt til enkeltsaker. Rådmannen meiner at etablering av andre system neppe vil vere mogleg for Ørskog kommune av kapasitetsgrunnar. Og det vil neppe vere tilråddleg sett ut frå rasjonell bruk av fellesskapet sine ressursar.*

**Framdriftsplan for kommunen si daglege drift med delmål og dato for gjennomføring:**

*Kommunen er ei mangslungen verksemd med mange tenesteområde. Det er mange "bestillarar" av dei kommunale tenestene som melder seg gjennom eit kalenderår, og som "forstyrar" den daglege drifta. Rådmannen meiner det ikkje er mogleg å etablere ein framdriftsplan for kommunens daglege drift, med delmål og dato for gjennomføring. Det blir i kommunen utarbeidd mange planar med delmål, men som ofte har ei form som gjer det vanskeleg å etterprøve dei. Det blir utarbeidd mange driftsplanar som er tiltaksretta, og som til dels har dato for gjennomføring. Desse kan meir etterprøvast. Rådmannen nemnde tilfelle der det kan vere lang behandlingstid. Kommunen har ikkje fastsett mål for akseptabel ventetid i si saksbehandling. (Her kan reglane i forvaltningslova takast i bruk).*

Påbakgrunn av orienteringa frå rådmannen gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

- 1. Kontrollutvalet vurderer å kome tilbake til nokre av dei manglane rådmannen nemner i eit seinare møte*
- 2. For øvrig tek kontrollutvalet saka til orientering*

---

I sak 17/09 behandla kontrollutvalet temaet Varsling på nytt. Rådmannen opplyste at det ikkje hadde skjedd meir i denne saka.

Med bakgrunn i dette gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

*Kontrollutvalet vil presisere at det no hastar med å få innført retningsliner for varsling i Ørskog kommune, jf reglane i arbeidsmiljølova.*

Denne saka kunne med fordel ha blitt følgt opp tidlegare, men no blir rådmannen invitert til kontrollutvalet sitt møte for å orientere om korleis ordninga med varsling fungerer i Ørskog kommune.

Harald Rogne  
dagleg leiar



**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 20.08.2012

**SAK 12/12  
BUDSJETT 2013 - ØRSKOG KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Ørskog kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Desse utgiftene bygg på satsar vedtekne i Ørskog kommune. Dette budsjettoppsettet vil dermed omfatte kurs, opplæringsutgifter og reiseutgifter.

Kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 45.000 kroner.

Harald Rogne  
dagleg leiar